

## Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

### Dokument utdelt i møtet:

1. Uttale frå Hordaland fagskulestyre datert 01.06.15 vedk. sak «Samlokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole».
2. Brev/resolusjon frå Utdanningsforbundet Hordaland datert 27.05.15: «Vern om fellesskolen».

### Vedk. opning av Sommarskolen 2015: Opplærings- og helseutvalet fordeler oppgavene slik:

24.juni kl. 09.00:	Knarvik:	Bjørnar Hamre
	Askøy:	Roald Stenseide
	Stord:	Aslaug Hellesøy
	Bergen:	Jette Lunemann Hansen

### Open time

**Rasmus Laupsa Rasmussen** stilte følgjande spørsmål vedk. «lærarspesialistordninga»:

- a) I kva møte vart saka fremja i Fylkesutvalet?
- b) Kvifor har ikkje saka vore lagt fram for OPHE?
- c) Har saka vore drøfta med tillitsvalde?

Spørsmåla vart oversende administrasjonen.

**Toralv Mikkelsen** stilte spørsmål vedk. årsmøte i Landssamanslutninga av nynorskkommunar 4.-5. juni Opplærings- og helseutvalet er samde om at Toralv Mikkelsen møter for HFK.

**Alexander Fosse Andersen** stilte spørsmål om status for det pågåande forskningsprosjektet vedk. elevar som byter målform frå grunnskule til vidaregåande skule.

Fylkesdirektør svara på spørsmålet.

**Alexander Fosse Andersen** stilte spørsmål om kvifor ikkje den vedtekne homo-planen var tilgjengeleg på Internett.

Fylkesdirektør svara på spørsmålet.